

## Vedtekter for Fjord frivilligsentralar

### 1. Formål

Frivilligsentralane skal stimulere til frivillig innsats, vere opne møteplassar for innbyggjarane og vere eit bindeledd mellom kommunen, frivillig sektor og andre aktørar.

Frivilligsentralane skal

- bidra til å skape eit varmare og meir inkluderande lokalsamfunn.
- mobilisere og samordne frivillig aktivitet.
- tilrettelegge for møteplassar og vere ein ressurs for frivillig arbeid.
- støtte opp om samhandling mellom frivillig sektor og kommunale einingar.

### 2. Eigar og organisasjonsform

Fjord kommune er eigar av Fjord frivilligsentralar. Sentralane er lokalisert i Stordal og Valldal og dekkjer alle bygdene i kommunen. Kvar sentral skal ha minst eit årsverk. Sentralane er sjølvstendige driftseiningar organisert under oppvekst og kultur. Sentralane skal vere eit supplement til eksisterande frivillig arbeid, og eit tillegg til offentleg tenesteyting.

Fjord frivilligsentralar skal ha ei ressursgruppe. Ressursgruppa skal vere eit rådgjevande organ der frivilligheita er representert.

### 3. Dagleg leiing

Daglege leiarar har ansvar for den daglege drifta av sentralane i samsvar med forskrift og kommunale vedtak.

### 3. Ressursgruppe

Ressursgruppa skal fungere som ein støttefunksjon for frivilligsentralane, drøfte og utveksle informasjon om frivillig arbeid knytt til frivilligsentralane og lokalsamfunnet. Ressursgruppa skal ha 2-4 møte i året og arrangere frivilligforum i samarbeid med sentralane.

Ressursgruppa skal ha seks representantar, alle med personlege vara.

Ordføraren og ein kommunestyrerepresentant med vara blir utnemnt av Fjord kommune for heile kommunestyreperioden.

Frivilligforum vel kvart andre år fire representantar med vara frå frivilligheita. Dei frivillige representantane bør spegle ulike interesseområde og bygder i kommunen.

## 5. Frivilligforum

Fjord frivilligsentralar skal arrangere ein årleg møteplass for frivillig sektor, der samhandling mellom det offentlege og det frivillige vert vektlagt.

## 6. Endring av vedtektene

Endring av vedtektene vert gjort av Fjord kommune som eigar.

## 7. Økonomi

Fjord kommune skal søke statstilskot til frivilligsentralane. Tilskotet er øyremerka frivilligsentralar og for å motta tilskotet må sentralane oppfylle krava i §7 i [Forskrift om tilskudd til frivilligsentraler - Lovdata](#)